

Tips til alternativ teateraktivitet

- Øve inn (korte) einaktarar i mindre grupper og vise for kvarandre i teaterlaget.
- Samarbeide med andre teatergrupper om å vere publikum for kvarandre, i staden for å setje opp ei kostbar framsyning. (Gjerne på tvers av organisasjonar.)
- Arbeide med monologar. Kan t.d. filme kvarandre i staden for å ha fysiske øvingar.
- Arbeide med forteljarteater eller formidling av forteljing.
- Gå saman i par eller smågrupper og gi kvarandre instruksjon eller tilbakemelding på karakterarbeid. Kan også gjerast digitalt.
- Drive tekstarbeid; skrive tekst, lese ulike alternativ til manus, eksperimentere med ulik uttrykksform av same tekst.
- Velje manus eller teaterstykkjer som ikkje krev mykje nærkontakt.
- Sjå på kreative måtar å løyse regien på i scener som egentleg skal ha nærkontakt. Korleis kan ein kysse eller slost med ein meter avstand? Gjere eit poeng ut av det?
- Samlast for å sjå på opptak av tidlegare framsyningar.
- Drive teater utandørs.
- Produsere korte filmar for deling i staden for teaterframsyning.
- Arrangera dugnadskveld for å rydda og organisera i kostyme/scenografilager.
- Oppmuntre medlemmane til å delta på teaterfaglige kurs og seminar som igjen vil auka kompetansen internt i gruppa.
- Setje opp cabaret eller revy, kor ein deler gruppa inn i mindre grupper som øver inn og utarbeidar sketsjar/innslag.
- Ha utandørs vandreteater for publikum. Moglegheiter for større plass ute.

- Følg med på gjeldande retningslinjer frå FHI
- Kontakt kommuneoverlegen din ved spesielle spørsmål
- Bruk øvingslokale med nok plass
- Sett deg inn i smittemåte og symptom

